

Lys vaken-song

M: Kristin Fjellseth

T: Vidar Kristensen og Kristin Fjellseth

O: Oddfrid Skorpe Tennfjord

Vers 1

Tenk, ja, det er så bra
å høyre til slik ein stad
Der barna er størst, dei små, dei kjem først
Vi lever og vi er til
I latter, i gråt og smil
Større enn alt, vi er større enn alt
Å synge, drøyme og be
Her i kyrkja
Samlast, ete og le

Refreng

*Lys vaken, lys, lys vaken, her er det liv,
det er lys, det er song
Og vi syng oss saman
Lys vaken, lys, lys vaken
Her er det fest, vi blir med med ein gong
Og vi syng oss saman!*

Vers 2

Lys vaken, kva er no det?
Å ville, å sjå og gje
det gode til dei som treng meir enn oss
Om dagen og kvar ei natt
I hjarta vårt skin ein skatt
Større enn alt, vi er større enn alt
Å leve, kvile og gje
Her i kyrkja
Vi er vakne, og her kan allting skje.

Refreng

*Lys vaken, lys, lys vaken, her er det liv,
det er lys, det er song
Og vi syng oss saman
Lys vaken, lys, lys vaken
Her er det fest, vi blir med med ein gong
Og vi syng oss saman!*

Mellomparti

Og når det blir mørkt ikring oss
Og natta kjennest long
Er vi glad vi har ei kyrkje fylt av glede,
lys og song!
Vi er saman, vi er vakne, vi har fest
og vi har lys!

Refreng

*Lys vaken, lys, lys vaken, her er det liv,
det er lys, det er song
Og vi syng oss saman
Lys vaken, lys, lys vaken
Her er det fest, vi blir med med ein gong
Og vi syng oss saman!*

Halvt refreng

*Lys vaken, lys, lys vaken, her er det liv,
det er lys, det er song
Og vi syng oss saman*

Avslutning (vers)

Om dagen og kvar ei natt
i hjarta vårt skin ein skatt
Større enn alt, vi er større enn alt

